



Strategisk utviklingsanalyse

Skjåk kommune

Juni 2010

Innhald

- 1. Føremål og gjennomføring**
 - a. Føremål
 - b. Kjelder og forankring
 - c. Organisering
- 2. Skjåk kommune i eit regionalt perspektiv**
 - a. Innleiing
 - b. Befolkningsstruktur og befolkningsutvikling
 - c. Utdanningsnivå
 - d. Næringsstruktur
 - e. Arbeidsløyse
 - f. Pendlingsstraumar
 - g. Senterstruktur og kommunikasjonar
 - h. Vurdering av tendensar
- 3. Komparative fortrinn for næringsutvikling**
 - a. Innleiing
 - b. Råstoff / naturressursar
 - c. Arbeidskraft
 - d. Næringskompetanse / teknologi
 - e. Lokal kapitaltilgang
 - f. Nærleik til marknad
 - g. Vurdering
- 4. Næringsmiljø med utviklingsmoglegheiter**
 - a. Innleiing
 - b. Industri / handverk
 - c. Landbruk
 - d. Reiseliv
 - e. Handel og tenesteytande næringar
 - f. Næringsamarbeid og næringsklynger
 - g. Næringsutviklingstiltak under arbeid
 - h. Vurdering
- 5. Kommunen si rolle som tilretteleggjar**
 - a. Det kommunale tenestetilbodet overfor innbyggjarane
 - b. Det kommunale tenestetilbodet overfor næringslivet
 - c. NæringsNM og Attraktivitetsbarometeret 2009
 - d. Ungdom i Skjåk
 - e. Vurdering
- 6. Strategiske val og satsingsområde**
 - a. Innleiing
 - b. Visjon, mål og strategiar i gjeldande planar
 - c. Visjon, mål og strategiar
 - d. Organisering, verktøy og metodar

1. Føremål og gjennomføring

a Føremål

Føremålet med denne strategiske utviklingsanalysen er å gje ein brei oversikt over arbeidsplassbehov, næringsmessige konkurransefortrinn og utviklingspotensiale i Skjåk kommune. Analysen er knytt opp mot arbeidet med kommuneplanen som er under revidering i 2010, og er meint å skulle komplettere og fylle ut arbeidet som er gjort, blir gjort.

Basert på denne analysen vert rapporten avslutta med eit kapittel der ein har utforma visjon, målsettingar og satsingsområde for utviklingsarbeidet i Skjåk kommune.

Ved utforming av denne rapporten har det vore tett dialog mellom kommunen og næringslivet i kommunen. Med næringsliv meiner vi her både primærnæring, som er viktig i Skjåk kommune, og andre næringar.

Ein håpar at arbeidet med denne rapporten såleis har ført til at kommunen og næringslivet kan samarbeide tett om gjennomføringa av utviklingsarbeidet i planperioden.

1. Føremål og gjennomføring

b Kjelder og forankring

I samband med utarbeidning av denne strategiske utviklingsanalysen har ein brukt ei rekke skriftlege kjelder, mellom anna;


- Skjåk kommune: Næringsplan for Skjåk, 2007
- Skjåk kommune: Kommuneplan 2006-2016
- Skjåk kommune: Årsmelding 2009
- Skjåk kommune: Høyningsutkast til planprogram, 2009-2020
- Skjåk kommune: Utviklingstrekk for landbruket i Skjåk 1995-2010
- Skjåk kommune sine nettsider
- SSB sine nettsider for uttrekk av statistikk
- SNF-rapport 01/09: "Kritiske suksessfaktorer for utviklingsarbeid"
- Østlandsforskning rapport 16/09: "Bulyst, kjønn og entreprenørskap"
- Telemarksforskning: NæringsNM og Attraktivitetsbarometeret

I samband med utarbeidninga av den strategiske utviklingsanalysen har det blitt gjennomført 32 bedriftsintervju med utviklingsmoglegheitene i kommunen som hovudtema. Ei oversikt over kva for type bedrifter som har vorte intervjua kjem på neste side.

I tillegg har det vorte arrangert eit ope møte for næringslivet, der arbeidet med strategisk utviklingsanalyse vart presentert. I dette møtet fekk verksemndene høve til å kome med konkrete innspel til utviklingsanalysen, blant anne gjennom eit gruppearbeid og oppsummerande felles diskusjonar. Innspel frå intervjua og frå det opne møtet er innarbeidd i rapporten.

1. Føremål og gjennomføring

b Kjelder og forankring – 32 intervju




1. Føremål og gjennomføring

c Organisering

Figuren til høgre viser korleis arbeidet med denne analysen har vore organisert.

Prosjektorganiseringa har fungert godt.

Styringsgruppa har hatt 4 møte i samband med utforminga av denne reviderte strategiske utviklingsanalysen, medan prosjektgruppa har hatt 5 møte, av desse har 2 vore på telefon.



2. Skjåk kommune i eit regionalt perspektiv

a Innleiing

Målet med dette kapittelet er å gje ei kortfatta analyse av befolkningsutvikling, næringsstruktur, arbeidsløyse, utdanningsnivå, pendlingsmoglegheiter, senterstruktur og kommunikasjonar.

Denne analysen dannar delar av grunnlaget for dei konklusjonane som blir trekte seinare i rapporten.

Skjåk er eit samfunn med ein tettstad, Bismo med 500 innbyggjarar. Elles finst bustadfelt i Aurmo og i Uppnosi.

Rundt 80% av Skjåk kommune er kategorisert som verna område – enten som nasjonalpark, landskapsvern, reservat eller verna vassdrag. Dette har sjølv sagt innverknad på korleis ein utviklar næringslivet i bygda.

Skjåk har ei utfordrande plassering reint geografisk med tanke på næringsutvikling, då kommunen ligg langt frå vektsentra. Likevel finst det mange moglegheiter å gripe fatt i, noko som på sikt kan bidra positivt i høve sysselsetjing og innbyggartal. Ikkje minst vil den nye hovudvegen frå Sunnmøre og austover via riksveg 15, Kvivsvegen som opnar i 2012, gje nye moglegheiter.


Følgjande skildring er å finne på kommunen sine eigne nettsider:

"Lengst vest i Ottadalen, mellom Breheimen og Nord-Ottadalsområdet ligg fjellbygda Skjåk. Bismo er i dag eit moderne bygdesenter der dei fleste har sitt arbeid innan industri, handel og tenesteyting. Kultur og miljø vert teke vare på og ein set si ære i å kunne tilby tradisjonsrike produkt.

Bygda ligg langs ei av dei viktigaste ferdselsårene mellom aust- og vestland, mellom Stryn og Nordfjord, Geiranger og Sunnmøre og dei andre ottadalskommunane i aust, Vågå og Lom."

2. Skjåk kommune i eit regionalt perspektiv

b Befolkningsstruktur, befolkningsutvikling



Folketalsutvikling 1990-2010, kjelde SSB

Skjåk kommune hadde pr 1. januar 2010 2.265 innbyggjarar. SSB sin prognose for år 2020 er 2.191 innbyggjarar (mellomalternativ).

Folketalet har gått attende dei fleste åra sidan 1990. Frå 1990 til 2010 har folketalet i Skjåk gått ned med 347 personar. I den siste tiårsperioden sokk folketalet med 121 personar, som tilsvarar cirka 5% frå starten til slutten på perioden. I tiårsperioden før var nedgangen mykje sterkare, på 226 personar.

Den same tendensen for folketalet ser ein i dei andre kommunane i Nord-Gudbrandsdalen.

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Folketal 1.1.2010	2 386	2 389	2 389	2 399	2 393	2 394	2 376	2 329	2 331	2 307	2 265
Fødselsoverskot	-7	-7	-28	-1	-9	-4	-11	-11	-18	-24	-4*
Innflytting	69	65	73	65	60	55	47	67	53	41	11*
Utflytting	59	57	36	69	50	69	83	56	59	59	10*
Nettoinnflytting	10	8	37	-4	10	-14	-36	11	-6	-18	1*
Folkevekst	3	0	10	-6	1	-18	-47	2	-24	-42	-3*

Folketalsutvikling 2000-2010, kjelde SSB *) per 4. kvartal 2009

Folketal i januar, Fødselsoverskot, Innflytting, Utflytting, Netto flytting,
Folkevekst

Tabellen til venstre viser at sidan 2000 har det vore negativt fødselsoverskot dei fleste åra, medan nettoflytting til kommunen har variert meir mellom netto tilflytting og netto fråflytting. Folkeveksten har stort sett vore negativ.

2. Skjåk kommune i eit regionalt perspektiv



b Befolkningsstruktur, befolkningsutvikling

Ser ein på aldersfordelinga til befolkninga i kommunen har Skjåk dei siste ti åra hatt ein nedgang blant vaksne i alderen 20-29 år, både når det gjeld menn og kvinner. Talet på kvinner har gått ned med 42 personar (28%) i perioden, over dobbelt så mange som menn (12%).

Blant unge vaksne i alderen 30-39 år har det også vore ein viss tilbakegang, frå 277 til 236 personar. I denne aldersgruppa er nedgangen størst for menn, med 19% mot 9% for kvinner.

Denne utviklinga kan verke negativt inn på næringsutviklinga i kommunen, då personar i dette alderssegmentet vanlegvis vil vere i arbeidsfør alder.


Samanlikna med kommunane i Nord-Gudbrandsdalen ligg Skjåk omrent midt på treet. Alle kommunane opplever nedgang i desse aldersgruppene på 15-24%.




Folketalsutvikling, kjelde SSB

2. Skjåk kommune i eit regionalt perspektiv

c Utdanningsnivå




Befolkninga i Skjåk kommune har per 2008 noko lågare utdanning enn landsgjennomsnittet. 2 % av befolkninga har meir enn 3 års universitets- eller høgskuleutdanning, medan 14 % har tre år eller mindre. Tilsvarande tal for heile landet er høvesvis 6 % og 19 %.



2. Skjåk kommune i eit regionalt perspektiv

c Utdanningsnivå



Utvikling i tal personar med høgare utdanning, kjelde SSB

Det har vore ei auke i innbyggjarar med kort (mindre enn tre år) universitets- og høgskoleutdanning i perioden 2000-2008 på nærmere 80 personar. Skjåk er, saman med Lesja, den kommunen i Nord-Gudbrandsdalen med den største auken i dette segmentet (44%).


Når det gjeld talet på innbyggjarar med lang (meir enn tre år) universitets- og høgskoleutdanning, så har dette vore meir eller mindre stabilt på 30-talet sidan år 2000. I dette segmentet ligg Skjåk eit stykke under nabokommunane i Nord-Gudbrandsdalen, som har ei auke på 30-40% medan Skjåk ligg på 10% (3 innbyggjarar).

2. Skjåk kommune i eit regionalt perspektiv

d Næringsstruktur

32 % av dei sysselsette finn ein i offentleg forvaltning. Dette er såleis den klart største næringa i kommunen. Jordbruk er den nest største næringa, med 17% av dei sysselsette.

Industri er eit tredje viktig område i næringsstrukturen. Elles har kommunen eit nokså variert næringsliv. Figuren viser fordeling av sysselsetting innan ulike næringar per 4. kvartal 2008.




Fordeling av sysselsetting innan ulike næringar per 4. kvartal 2008, kjelde SSB.

2. Skjåk kommune i eit regionalt perspektiv



d Næringsstruktur

Figuren viser utviklinga i talet på sysselsette innan ulike sektorar i perioden 2000-2008. Dei fleste næringane har ein stabil del av sysselsettinga. Sysselsette innan forsyning av kraft og vatn har svinga i periodar.

Det same gjeld varehandel, hotell- og restaurantverksemd. Det totale talet på sysselsette i kommunen har også vore relativt stabilt i perioden.



2. Skjåk kommune i eit regionalt perspektiv e Arbeidsløyse



Utvikling i arbeidsløyse, kjelde SSB.


Ser ein perioden 2003-2008 under eitt har det vore ein nedgang i arbeidsløysa i kommunen, medan ho fekk eit oppsving i 2009. Fordelinga mellom menn og kvinner har vore stabil frå 2005 til 2008, medan i 2009 vart det ein del fleire ledige menn enn før.

Figuren under viser total månadvis arbeidsløyse i prosent frå og med januar 2008 til og med mars 2010. I 2008 låg arbeidsløysa stor sett under 1%, noko som er rundt 1% lågare enn for landet sett under eitt.

I 2009 svinga arbeidsløysa frå 3% og ned til 1% og opp igjen til 2,5%, medan ho dei tre første månadene av 2010 har svinga frå 4,5% og ned att mot 2,5%.

På nasjonalt plan reknar ein med ei relativt stabil arbeidsløyse vidare i 2010.

2. Skjåk kommune i eit regionalt perspektiv f Pendlingsstraumar



Ein ser av figuren til venstre at det er klårt fleire sysselsette personar busett i kommunen enn det er sysselsette som har arbeidet sitt i kommunen. Dette viser at kommunen er integrert i ein større bu- og arbeidsmarknad og at kommunen har netto utpendling. Figuren viser vidare at sysselsette med arbeidsstad i kommunen går ned, medan talet på sysselsette i kommunen er stabilt. Netto utpendling har auka sidan 2007.


Figuren til venstre viser dei største inn- og utpendlingskommunane. Figuren viser at over 100 personar pendlar frå Skjåk til Lom kommune. Motsatt er det litt over 80 som pendlar frå Lom til Skjåk. Vidare er det 60 personar som pendlar til Vågå, Sel eller Lillehammer, medan få personar pendlar motsett. Det er dette som er årsaka til at Skjåk kommune har ei netto utpendling på rundt 160 personar.

2. Skjåk kommune i eit regionalt perspektiv g Senterstruktur og kommunikasjonar

Skjåk kommune omfattar den øvste delen av Ottadalens med fjellviddene omkring. Kommunen har ein tettstad, Bismo, med 500 innbyggjarar. Her ligg også kommunesenteret. I alt har kommunen 2 265 innbyggjarar pr 1.1.2010.

Kommunen er 73 km lang frå grensa mot Lom i aust til grensa mot Stryn i vest. Skjåk har samanhengande busetnad langs dalbotnen frå grensa mot Lom i aust og til Dønfoss, ei strekning på 23 km. Avstanden frå Bismo til Otta med jernbanestasjon er 83 km, til Lillehammer 198 km, og til Oslo 394 km. Vestover er det 106 km til Stryn og 209 km ut til kysten og Måløy. Til Førde er det 240 km. Desse fakta viser at Skjåk har ei utfordring med si geografiske plassering i forhold til vektsentra.

Hovudfartsåra rv15 mellom Aust- og Vestlandet går gjennom Skjåk kommune. Når Kvivsvegen opnar, vil trafikken auke, noko som vil gje meir trafikk og høgare marknadsgrunnlag om ein ser auken som ein positiv faktor.



Utsnitt Skjåk kommune;
Bismo innringa



Skjåk kommune i landsdelen

2. Skjåk kommune i eit regionalt perspektiv

h Vurdering av tendensar (1/2)

Det mest markante utviklingstrekket for kommunen er reduksjonen i talet på innbyggjarar, spesielt i aldersgruppene 20-29 og 30-39 år. Om nokre år vil kommunen ha ei stor utfordring dersom folketalet for ein stor del består av dei yngste og eldste delane av befolkninga. Gruppa med unge vaksne er viktig, då denne aldersgruppa får born, samstundes som dette er ei gruppe i arbeidsfør alder. Utfordringa er og klart identifisert i Skjåk sin kommuneplan og i årsmeldinga for 2009.

Sjølv om folketalet har gått ned, er det karakteristisk for kommunen at talet på sysselsette har halde seg relativt stabilt, og til og med har auka noko i perioden 2000-2008. Likevel ser ein at fleire av dei sysselsette finn seg arbeid utanfor kommunegrensa, i og med at talet på utpendlarar har auka sidan 2000.

Det er relativt mange utpendlarar frå kommunen, særleg til nabokommunen Lom. Talet på pendlarar auka jamt i første halvdel av 2000-talet, medan det har lege relativt stabilt på oppunder 300 personar sidan 2004.

Kommunen har mange arbeidsplassar innan industri, og denne næringa har hatt ei svak nedgang i talet på tilsette personar sidan 2000. Samanlikna med kommunane i Nord-Gudbrandsdalen ligg Skjåk midt på treet i forhold til prosentvis nedgang i industriarbeidsplassar.

Landbruket er viktig for Skjåk, og sidan dette også nasjonalt sett er ei næring under press, er det ei utfordring å halde ei positiv utvikling. Likevel er det positivt for Skjåk at næringa har hatt ein auke på 1% i talet på tilsette sidan 2000, medan alle dei fem nabokommunane i region Nord-Gudbrandsdalen har hatt ein nedgang på 13-30%.

Arbeidsløysa i kommunen ligg stort sett lågare enn for landet sett under eitt. I korte periodar har arbeidsløysa auka til over landsgjennomsnittet, til dømes i starten på 2009 og i starten på 2010. Tendensen er likevel at arbeidsløysa har gått raskt ned att.

2. Skjåk kommune i eit regionalt perspektiv

h Vurdering av tendensar (2/2)

Utdanningsnivået i kommunen er relativt lågt samanlikna med landsgjennomsnittet.

Samanlikna med andre distriktskommunar skil kommunen seg ikkje nemneverdig ut. Dei siste åra har utviklinga vore til dels positiv med tanke på personar med kortare høg utdanning, medan det er ei utfordring at talet på personar med lang høgare utdanning har stått nesten stille.

Gjennom eit målretta utviklingsarbeid i åra som kjem, som denne analysen legg grunnen for, er det viktig å legge til rette for å auke innbyggartalet gjennom å få auka tilflytting av unge vaksne. For å lykkast med dette bør ein arbeide for å skape fleire arbeidsplassar som er attraktive for denne gruppa.



3. Komparative fortrinn for næringsutvikling

a Innleiing

I dette kapittelet vil ein sjå nærmare på kva for fortrinn Skjåk kommune har for næringsutvikling i høve til andre kommunar.

Når ein skal vurdere slike komparative fortrinn tek ein utgangspunkt i viktige ressursar for næringsutvikling (produksjonsfaktortilgang). Ein deler produksjonsfaktorane inn i:

- Råstoff / naturressursar
- Arbeidskraft
- Næringskompetanse / teknologi
- Lokal kapitaltilgang
- Nærleik til marknad

I analysen av produksjonsfaktortilgangen vil ein legge hovudvekt på å vurdere tilgangen i høve til nabokommunar og nærregionar slik at ein kan vurdere om kommunen har konkurransefortrinn i høve til desse.

Ein vurderer vidare produksjonsfaktorane i perspektiv frå dei fire definerte næringane til høgre:

Industri/handverk: Denne gruppa har sterkt fotfeste i Skjåk og utgjer mange arbeidsplassar. Gruppa inneheld ei god blanding av vel etablerte bedrifter og relativt yngre bedrifter. Industrien har dels eit innovativt tilsnitt.

Landbruk: Denne gruppa er mest basert på jordbruk, og strukturen er kjenneteikna av små driftseiningar når det gjeld areal og mjølkekvote. I tillegg har gardbrukarane gjennomført ei markant omlegging til stordrift innan gris og samdrift i mjølkeproduksjon. Landbruket er ei grunnleggjande næring i Skjåk.

Reiseliv: Dette er ei næring i vekst og har utviklingspotensiale, blant anna fordi Skjåk er ein del av "Nasjonalparkriket". Inkludert i gruppa i tillegg til tradisjonelt reiseliv, er meir naturbaserte opplevelingstilbod.

Handel/tenester: Denne gruppa inneholder tradisjonelle bedrifter innan handel og tenesteyting, inkludert transport, finans, eigedom og anna

3. Komparative fortrinn for næringsutvikling

b Råstoff og naturressursar

Tradisjonelt har tilgangen på råstoff og naturressursar for industrien vore vurdert som god. Hovudårsaka til dette er den rike tilgangen på energi i form av vasskraft.

Innan det tradisjonelle landbruket har ikkje kommunen spesielle fortrinn når det gjeld naturressursar. Heller er det ei utfordring for landbruket at Skjåk kommune har lite nedbør, noko som har ført til at skjåkværane i hundrevis av år har vore tvinga til å finne andre løysingar for vatning (Noko dei har klart bra, enten via kunstig vatning med vatn leia frå fjellet, eller som i nyare tid med vatn frå elva). Det tørre klimaet er samstundes eit fortrinn om ein ser føre seg å starte med dyrking av nye produkt, som krev eit slikt klima.

Kommunen har flott natur der han ligg i hjartet av Fjellnoreg, med Reinheimen og Breheimen og er ein del av det såkalla "Nasjonalparkriket". Rundt 80% av kommunen sitt areal er verna grunna dette. Naturen gjev såleis kommunen fortrinn innan reiseliv.

Det er og eit fortrinn at det er så og seie berre ein grunneigar i kommunen (Skjåk Almenning).



3. Komparative fortrinn for næringsutvikling c Arbeidskraft

I førre avsnittet viste analysen at kommunen har hatt låg arbeidsløyse dei siste åra, og at talet på sysselsette har halde seg relativt stabilt trass i noko nedbemanning i enkeltbedrifter grunna den såkalla finanskrisa dei siste par åra.

Arbeidstakarane som har blitt overtallige i desse verksemndene, ser i hovudsak ut til å ha funne seg nytt arbeid enten i kommunen eller i nabokommunar.

Arbeidskrafa i Skjåk blir oppfatta som stabil, lojal og rimeleg. På den eine sida kan dette vera som eit fortrinn, medan på den andre sida kan det og vera ei ulempe; arbeidsstokken er så stabil at ein ikkje har mange ledige lokale personar å ta av om ein treng nye folk. Arbeidsmarknaden er såleis liten og ikkje spesielt brei.

Dei fleste av verksemndene vi har hatt samtalar med i samband med denne analysen, meiner at rekruttering er vanskeleg. Tilgangen på faglært arbeidskraft er därleg, og ein får ikkje lett tak i folk med teknologikompetanse og anna spisskompetanse.

Dette gjev klare signal om behovet for tilflytting av nye næringar og personar med høgare utdanning.



3. Komparative fortrinn for næringsutvikling d Næringskompetanse og teknologi

Verksemdene som vi har hatt samtalar med gjev uttrykk for at dei har mange flinke medarbeidrarar med høg realkompetanse.

Fleire verksemder uttrykker likevel at det er vanskeleg å rekruttere nye medarbeidrarar; både faglærte handverkarar og folk med høgskule- eller universitetsutdanning.

Analysen i førre avsnittet viser at ein lågare del av innbyggjarane i kommunen har høgskule- eller universitetsutdanning enn gjennomsnittet for landet sett under eitt, men at det er ei positiv utvikling.

Kommunen har fleire verksemder med industrikompetanse. Det er også høg kompetanse knytt til primærnæringa, til dømes innan foredling av svin, mjølkeproduksjon og lokal matproduksjon. Vidare har Skjåk spesiell kompetanse innan gammal byggetradisjon og kulturhistorie. Dette er fordelar som ein bør søkje å utnytte i utviklingsarbeidet framover.

Vår oppsummering er at per i dag har kommunen arbeidstakrar med god næringskompetanse i dei bransjane som er, eller har vore, sterke i kommunen. Ein er likevel avhengig av ein ny giv i fleire av desse verksemdene om ein skal klare å vidareutvikle denne kompetansen. Spesielt viktig vert det å videreføre kompetansen til dei yngre innbyggjarane i kommunen.



3. Komparative fortrinn for næringsutvikling e Lokal kapitaltilgong

Det er fleire kjelder til kapital for næringslivet. Ei naturleg inndeling kan vere:

- Bedriftene går med overskot
- Bedriftene får tilført eigenkapital gjennom innskot frå investorar
- Bedriftene får tilført midlar gjennom kommunens sitt næringsfond og andre tilskotskjelder
- Bedriftene får tilført framandkapital frå finansinstitusjonar

Fleire verksemder går med overskot og har god soliditet. Vi kan likevel ikkje seie at næringslivet i kommunen er meir lønsamt enn i andre kommunar / regionar. Samstundes er det og fleire bedrifter som slit på dette området. Med omsyn til dette vil vi difor vurdere kapitaltilgangen som nøytral.

Kommunen har i si tid skote inn kapital i industriverksemdene i kommunen. I det siste er det derimot vedteke at kommunen ikkje skal inn i verksemder med aksjekapital i framtida, men heller bidra på andre måtar, som gjennom næringsfondet.

Kommunen sitt næringsfond er eit svært sterkt element i næringsutviklinga. Inntektene til fondet har i lang tid vore 4 millionar kroner i året (pengar frå konsesjonsavgifter frå oppmagasinert vatn), men vart i 2009 auka til over 7 millionar grunna Øvre Otta-utbygginga. Kapitaltilgangen frå kommunen må såleis vurderast til å vere god, også samanlikna med andre kommunar. Ei utfordring er å få til ei fordeling av næringsfondsmidlar som er god for næringsutviklinga i kommunen. Det har kome innspel frå intervjua om at kriteria for tildeling av midlar kan verke for snevre.

Den lokale banken i Skjåk – Lom & Skjåk Sparebank – får mykje skryt av dei som har vorte intervjua. Banken har vore viktig i næringsutviklinga i kommunen i mange år. Nokre informantar meiner likevel at banken er for liten, og ikkje har eit breitt nok tenestetilbod dersom ein ønskjer å satse tungt.

Skjåk har mange rike innbyggjarar, og det finst såleis mykje privat kapital i bygda. Utfordringa er at lite av denne kapitalen blir investert i det lokale næringslivet.

3. Komparative fortrinn for næringsutvikling f Nærleik til marknad

Skjåk kommune har ei stor utfordring i det at han ligg plassert relativt langt frå dei nærmeste vektsentra i regionane rundt. Frå Bismo er det drygt 8 mil til Otta, som har jernbane, og ned til Lillehammer er det nesten 20 mil. Vestover er det over 10 mil til Stryn, og 24 mil til den største byen i Sogn og Fjordane, Førde. Likevel kan ein sjå på desse avstandane som ikkje lange. Om ein finn gode løysingar på logistikk og kundeservice, kan ei bedrift levere produkt og teneste til hovudstaden like raskt som ei lokal bedrift.

Det er ein stor fordel for Skjåk at hovudfartsåra riksveg 15 mellom Aust- og Vestlandet går tvers igjennom kommunen. Når Kvivsvegen opnar i 2012, vil også trafikken gjennom kommunen auke, noko som ein kan nyte til ein fordel. Kvivsvegen, som blir kopla på riksveg 15 på vestsida av fjellet, vil bli den nye hovudfartsåra frå Sunnmøre og austover.

For handelsnæring og reiseliv er nærliken til vegen ein fordel med tanke på omsetning knytt til trafikken gjennom kommunen. Dette er ein viktig konkurransefordel som truleg kan utnyttast sterkare.


Når det gjeld reiseliv med tanke på opplevingsnæring og hyttemarknaden, så har Skjåk eit fortrinn med si plassering midt blant populære fjell og elvar.

For industrien er nærliken til riksveg 15 også ein fordel fordi godstransporten vert forholdsvis kostnadseffektiv.



3. Komparative fortrinn for næringsutvikling g Vurdering

Figuren under viser vurderinga av kommunen sine komparative fortrinn for næringsutvikling:



Basert på denne vurderinga har kommunen følgjande komparative fortrinn som ein bør satse på i eit eventuelt utviklingsarbeid:

- Kommunen har eit fortrinn gjennom tilgang på rimelig vasskraft. Dette bør ein prøve å nytte gjennom satsing på industri, kanskje særleg kraftkrevjande industri
- Innanfor industri og primærnæring har kommunen høg næringskompetanse som ein bør utvikle vidare i eit eventuelt utviklingsarbeid.
- Lokal kapitaltilgong vert vurdert som nøytral for industri og landbruk. Næringsfondet i kommunen er ei klår styrke, ved rett bruk. Kommunen har såleis høve til å bidra til utvikling av næringslivet på ein måte som mange andre kommunar ikkje har.
 - Sjølv om nærleik til marknad i tradisjonell forstand ikkje blir vurdert som eit fortrinn, er det likevel eit fortrinn at kommunen rår over enorme naturressursar som kan og bør nyttast innan reiselivs- og opplevingsnæring.
- Det er mange gode transportfirma i kommunen, som kan bidra til gode logistikkloysingar for næringslivet

4. Næringsmiljø med utviklingsmoglegheiter

a Innleiing

I denne delen vil ein sjå nærmare på lokale næringsmiljø med utviklingsmoglegheiter. Næringane i dette kapittelet er grupperte på same måten som i førre kapittel:

Industri/handverk

Denne gruppa har sterkt fotfeste i Skjåk og utgjer mange arbeidsplassar. Gruppa inneheld ei god blanding av vel etablert industri og relativt yngre bedrifter. Industrien har dels eit innovativt tilsnitt.

Landbruk

Landbruket er og har vore ryggrada i Skjåk. Innanfor denne gruppa har ein ei rekke gardsbruksverksemder innan ulike delar av husdyr- og jordbruksnæringa.

Reiseliv

I denne gruppa er tradisjonelle reiselivsbedrifter og nyare bedrifter innanfor opplevingsnæring og matkultur med.

Handel/tenester

I denne gruppa inngår tradisjonelle bedrifter innan handel og tenesteyting, inkludert transport, finans, eigedom og anna

I kapittelet er det og med ei vurdering av næringssamarbeid og næringsklynger. Kapittelet vert avslutta med ei oversikt over næringsutviklingsarbeidet i kommunen.

Kapittelet baserer seg på tilbakemeldingar frå næringslivet i kommunen når det gjeld utviklingsmoglegheiter og framtidsplanar og - ønske.



4. Næringsmiljø med utviklingsmoglegheiter

b Industri / handverk

Blant dei største industribedriftene i kommunen finn ein Interfil, Sebb, Bismo Maskinering og Bismo Industrier. I tillegg har også kommunen fleire spanande mindre industribedrifter, til dømes Skjåk Hedda Hytter, Biteko og Glasitt.

Gjennom intervjua har det kome fram at ein bør satse på å vidareutvikle den industrien som allereie finst i Skjåk. Med rett fokus og utviklingstakt kan fleire av bedriftene utvide talet på arbeidsplassar, og dei har også planar liggande for dette.

Det kan og vere store moglegheiter for knoppskyting ut ifrå eksisterande bedrifter, dersom ein får tilsett rett folk og får til finansiering. Fleire bedrifter sit på idear dei ynskjer å realisere, men som dei treng hjelp til.

Det har kome fram i intervjua at fleire meiner det kan vere smart av Skjåk å satse på småindustri og kraftkrevjande industri.

Eit konkret forslag som har kome opp, og som det har vore arbeidd med tidlegare, er å starte et anlegg for biobrensel.

Eit anna er å satse på fiskeoppdrett på land, noko som er eit område i stor utvikling og med eit enormt potensiale.

Totalt sett så finst det store moglegheiter for å vidareutvikle og vere nyskapande innan industrisegmentet i Skjåk. Den industrien som allereie eksisterer i bygda er eit bevis på at ein kan få til gode resultat dersom ein har den rette forretningsidéen og dei rette folka til å gjennomføre han.



4. Næringsmiljø med utviklingsmoglegheiter

c Landbruk

Landbruket er, og har alltid vore, ryggrada i Skjåk. Som ein del av denne analysen har gardbrukarar innan ulik type gardsdrift vorte intervjua (mjølk- og kjøtproduksjon, svin, samdrift, sauer og geiter, potetdyrkning, grønsaker og økologisk jordbruk).

Det er inga hemmelegheit at landbruket i Noreg generelt er inne i ei omstillingfasen som gardbrukarar i alle kommunar kjenner på kroppen. Dei fleste gardbrukarane har utfordringar knytt til lønsemd, og rammevilkår som blir lagt frå statleg hald. I Skjåk har ein investert mykje for å prøve å tilpasse seg større krav til effektivitet. Det er likevel utfordrande utsikter for næringa.

Ei hovudutfordring ligg i generasjonsskifteproblem. Det er for få yngre personar som ynskjer å satse innan landbruket. Trass i dette viser intervjuet at det finst ei rekke unge og engasjerte jordbrukarar i bygda, som ein lyt satse på i åra som kjem - ikkje minst for å få fram dei gode historiene som kan vere med på å bygge eit godt omdømme rundt det å vere bonde i Skjåk. Ein bør unngå å slakte gode bruk.

Trass i utfordringane har gardbrukarane i Skjåk mange idear og ønske for framtida. Landbruket i Skjåk har ei unik moglegheit til å stå fram som nyskapande, viss ein til dømes dreg nytte av det spesielle klimaet og satsar på dyrking av nye typar grønsaker og korn. For å finne ut kva sortar som passar best i Skjåk, kunne ein gjere ein analyse av jordsmonnet, og så satse på dei mest passande vekstane.

Ein kan og satse på andre husdyr enn ku og gris – til dømes geit for både skinn-, ull-, kjøtt- og mjølkeproduksjon. I tillegg kjem beiting av utmark som det er eit stort behov for, ikkje minst med tanke på reiselivsnæringa og utnytting av dei verna områda – dei kan ikkje gro att.

Ei anna vinkling kan vere å utvikle gardane heilt anngleis – til dømes som område for såkalla grøn omsorg, som kan passe bra til skjåkværane sitt lynne.

Når det gjeld lokal mat så finst det også lange og gode tradisjonar i Skjåk, som ein kan utvikle forretningsmessig på ein betre måte.

4. Næringsmiljø med utviklingsmoglegheiter d Reiseliv

Reiselivsnæringa i Skjåk har eit stort, unytta potensial. Næringa består per i dag av nokre tradisjonelle bedrifter som til dømes Skjåk Turistheim, Pollfoss Gjestehus, Sota Sæter og Grotli Høyfjellshotell, og nokre nyare verksemder som satsar på opplevingsnæring (til dømes Skjåk Rafting og Lom&Skjåk Adventure) og matkultur (til dømes Skjåk Turistheim Skeid Kro og Breheimen Mat Skjåk Tørkekjøtt).

Per i dag har ikkje Skjåk eit godt synleg, felles informasjonspunkt for turistar. Dette er noko som har mykje potensial i seg, om det vert utvikla.

Eit trekk ved reiselivet i Skjåk er og at det i stor grad er sesongbasert – om sommaren. Det bør vere mykje å hente på å legge til rette for større grad av vinterturisme, og å utvikle dagens sesongbedrifter til å bli heilårsverksemder. Det vil bidra til å skape fleire og meir stabile og attraktive arbeidsplassar.

Det at Skjåk ligg midt i Nasjonalparkriket er noko som blir trekt fram av neste alle informantane i intervjuet. Ein kan nytte denne lokaliseringa i mykje større grad enn ein har klart hittil.

Det skjer også mykje spanande i Skjåk – ei høgt tal festivalar og andre arrangement går føre seg i løpet av året (mykje om sommaren), og ein kunne tene på å profilere desse i sterkare grad for å sette Skjåk på kartet.

Eit stort potensial for reiselivet i Skjåk er å satse hardare på hytteutbygging og å legge til rette for enda fleire campingturistar enn dei om lag 500 som allereie finst. Dette er og tiltak som er under planlegging, men frå kommunalt hold vert det svært viktig å følgje opp arbeidet og støtte det.

Det har og kome innspel på at tilkomsten til kommune både frå aust og vest må synleggjerast betre. Til dømes kan ein byggje store portalar, og samstundes gjere ei satsing på kombinert truck stop / trafikksenter / turistinformasjon.

Totalt sett er det mykje som går på profilering som ligg i botnen for ei stor satsing på reiseliv. Ein har grunnproduktet (naturen), men ein må utvikle det og selje det betre.

4. Næringsmiljø med utviklingsmoglegheiter i Handel / tenester

Dei fleste verksemndene innan handel og tenester i Skjåk ligg i Bismo. I denne kategorien finn ein dei tradisjonelle handels- og tenesteytande verksemndene, i tillegg til bank, finans og eigedom.

Når det gjeld utviklingsmoglegheitene innan handel og tenester, så finst det mange idear hos dei bedriftene vi har intervjua.

Mange ser for seg at ein må lage ei satsing som gjer at ein får utnytta den auka trafikken som kjem når Kvivsvegen opnar, jamfør forslag om å bygge eit trafikkcenter, eksempelvis ved Dønfoss, der ein kan ha informasjonspunkt, kafé, bensinstasjon og utgangspunkt for guida turar inn i nasjonalparkane.

I tillegg ser ein eit behov for å auke servicenivået generelt blant handelsverksemndene, og om ein utviklar eit felles opplegg for dette så kan ein få gode effektar.

Det er innan tenesteytande næringar at fleire av dei intervjua ser eit stort vekstpotensiale for Skjåk. Først og fremst fordi det er innan slik næring ein har høve til å skape kompetansearbeidsplassar som ikkje er avhengige av lokalisering.

Eit eksempel på dette i dag er Vega Partners, ei avdeling i eit rekneskapsbyrå med hovudkontor i Oslo, der medarbeidarane sit i Skjåk og jobbar med rekneskap for større og mindre verksemder i hovudstadsregionen. Fleire slike arbeidsplassar er det rom for i Skjåk, som har god plass, låg arbeidsgjevaravgift og billig straum.

IT-næringa er og ei slik næring som ei kan velje å satse på. Sidan Skjåk har eit godt utbygd breiband, er det ingenting i vegen for at bedrifter som jobbar "online" kan etablere seg i kommunen. Børs- og finansnæring er eit anna forslag som har kome opp.

4. Næringsmiljø med utviklingsmoglegheiter f Næringerssamarbeid og næringsklynger

I Skjåk kommune ligg det næringsklynger i Bismo, som har industriområde og kjøpesenter.

Kommunen har ikkje noko formalisert næringssamarbeid via ei foreining eller eit næringsselskap. Det kjem fram i intervjuet at mange saknar ein profesjonell og velfungerande møteplass for erfaringsutveksling mellom folk i næringslivet – enten det skulle dreie seg om fagleg erfaringsutveksling eller meir generelle tema som bedriftsleiing eller sal og marknadsføring.

Blant gardbrukarane er det fleire som er med i organiserte lag og foreiningar, til dømes Bondelaget eller Småbrukarlaget, men mange synest ikkje at desse fungerer tilfredsstillande med tanke på fagleg input og erfaringsutveksling.

Gjennom intervjuet er det kome fram at det ikkje er noko særleg samarbeid på tvers mellom bedriftene i kommunen. Det er noko uformalisert samarbeid mellom nokre av reiselivsbedriftene, men elles er det lite.

I og med at bygda er såpass lita, er det heller ikkje noko stort fagmiljø for kvar bedrift. Skal ein ha fagleg input, må ein stort sett trekkje ut av kommunen og skape nettverk på regional eller nasjonal basis.

Totalt sett er inntrykket at Skjåk saknar ein profesjonell møteplass, og ein ”primus motor” til å drive ein slik på ein inspirerande, engasjerande og utviklende måte. Det ligg derfor eit stort potensial for Skjåk i å starte opp noko slikt, for på sikt å bidra til ei positiv utvikling av næringslivet generelt.

4. Næringsmiljø med utviklingsmoglegheiter g Tiltak under arbeid og under planlegging (1/3)

Skjåk kommune sin næringsplan frå 2007 og kommuneplanen 2006-2016, har følgjande ambisjon for næringsutviklingsarbeidet:

1. Skjåk kommune skal arbeide for å sikre breidda og den langsigte lønsemada til næringslivet i kommunen.
2. Landbruk, industri og reiseliv inkludert naturbaserte opplevingar skal vere prioriterte næringar i det kommunale tiltaksarbeidet.
3. Skjåk kommune skal halde folketalet oppe på lang sikt.

For å nå desse måla er det i næringsplanen satt opp ei rekke strategiar, sjå kapittel 6b for detaljar.

I den strategiske næringsplanen er det også sett opp ein tiltaksplan som er organisert etter næringsområde. Dei aller fleste tiltaka i denne lista er organiserte som kontinuerleg arbeid, der det har vore gjennomført ei rekke aktivitetar dei siste to åra (sjå dei to neste bilda for status).

I tillegg må det nemnast at kommuneplanen er under revidering, noko som og vil seie at mål og strategiar for næringsutvikling blir sett nærmere på. Det er i samband med dette at den strategiske utviklingsanalysen skal bidra til å kunne sette realistiske og konkrete mål, strategiar og tiltak for næringsutvikling.

4. Næringsmiljø med utviklingsmoglegheiter g Tiltak under arbeid og under planlegging (2/3)

1 GENERELT FOR NÆRINGSILVET

Tiltak	Organisering	Oppstart	Ansvar
Halde oppe lokalt hjelpeapparat for heile det lokale næringslivet	Kontinuerleg	Lokalt næringsliv/kommune	
Intern kompetanse i bedriftene	Kontinuerleg	Bedriftene sjølv	
Profiling av Skjåk	Kontinuerleg	Skjåk kommune/næringslivet	
Infrastruktur	Kontinuerleg	Skjåk kommune	

- Førstelineteneste (næringskontoret) + samarbeid m/andrelineteneste (næringshagen)
- Har prøvt å kome i gong med kurs, men ikkje lykkast hittil
- Ledd i kommuneplanen
- Sentrumsplanen + nye gang- og sykkelvegar + nye areal for næringsutvikling + rv 15

JORDBRUK

Tiltak	Organisering	Oppstart	Ansvar
1.1 "Aktive gardar" må ligge i botten for verdiskapining i Skjåk	Kontinuerleg	Gardbrukarar/Skjåk kommune/fag	
1.2 Mangfold er viktig	Kontinuerleg	Gardbrukarar/	
1.3 Geoturisme	Kontinuerleg	Gardbrukarar/faglaga.	
1.4 Kontroll med rovdyra	Kontinuerleg	Politikarar/gardbrukarar	

- Produksjon mjølk/kjøtt held seg oppe. Utfordring: generasjonsskifte.
- Grøn omsorg. Etablerarkurs ifm gardsbruk til hausten. Felleskjøpet: nybygg.
- Noko utvikling; guiding i utmark knytt til jakt. Unytta potensial.
- Konflikt rovdyr/beitedyr problematisk.

SKOGBRUK

Tiltak	Organisering	Oppstart	Ansvar
1.5 Eigen skogbruksleiar for Ottadalen	Kontinuerleg	Mjøsen/Skjåk kommune/skogeigar	
1.6 Skogsvegbygging	Kontinuerleg	Skogeigarar/stat/kommune	
1.7 Etterarbeid i foryngingsfelt	Kontinuerleg	Skogeigarar/stat/kommune	

- Ok. Stilling sikra ved at kommunane og er med på finansieringa.
- Tilfredsstillande nivå, men problem med auka bestand av elg og hjort.

2 PRIVAT TENESTEYTING

Tiltak	Organisering	Oppstart	Ansvar
2.1 Sektoren "Privat tenesteyting" bør bli sterke i Skjåk	Kontinuerleg	Næringsdrivande/Skjåk kommune/	
2.2 Helserelatert verksemd	Kontinuerleg	Næringsdrivande/kommune	
2.3 Utvikle varehandel og andre vekstnæringer vidare	Kontinuerleg	Næringsdrivande/kommune	

- Litt vekst (Signegarden / Bismo Vekst) + utmarkssenteret (Skjåk Almenning). Sentrumsplanen + utv. av Skjåk kjøpesenter viktig.
- AkuVital; pasientar frå langt nedover Austlandet og Vestlandet. Kan ekspandere.
- Byggern / Skjåk Trelast / Skjåk Interiør positiv utvikling; hytte- og campingfolk kundegruppe. Kjøpesenter / daglegvare opplever større konkurranse. Kan nå og søke næringsfondet.

3 INDUSTRI

Tiltak	Organisering	Oppstart	Ansvar
3.1 Nytt industriareal	Prosjekt	2007	Skjåk kommune
3.2 Innovasjonsmiljøet knytta til industrien i Skjåk er sterkt	Kontinuerleg		Næringslivet/Skjåk kommune

- Arealplanprogram ute til høyring

4. Næringsmiljø med utviklingsmoglegheiter g Tiltak under arbeid og under planlegging (3/3)

4 REISELIV

Tiltak	Organisering	Oppstart	Ansvar
4.1 Utvikle Nasjonalparkriket	Kontinuerleg	Regionkont/kommunane	
4.2 Utvikle godt løypenett	Kontinuerleg	Skjåk Idr.lag/kommune	
4.3 Idrettsaktivitet med sideeffekt til reiselivet	Kontinuerleg	Skjåk idr.lag/kommune	
4.4 Vidare hyttebygging	Kontinuerleg	Skjåk Almenning/ kommune/private aktører	
4.5 "Blikkfang" i Sentrumsplanen	Prosjekt	2007	Skjåk kommune
4.6 Turistinformasjonen	Kontinuerleg	Reiselivet/kommune	
4.7 Utvikle opplevelingspakker	Kontinuerleg	Reiselivsaktørar	
4.8 Utvikle kompetanse på "God service"	Kontinuerleg	Reiseliv/næringsliv og mange andre lokalt	
4.9 Informasjonspunkt	Kontinuerleg	Regionkontor/kommune	

- Skjåk-prosjektet.
- Heimeside. Stor satsing.
- Stor aktivitet idrettshall/symjehall/idrettsbane. Fullbooka.
- Planlagt, ref. Skjåk Almenning.
- Sentrumsplanen under revidering.
- Blir styrt av Jotunheimen Reiseliv.
- Selskap i god utvikling.
- Føre rebels på idé-/pratestadiet.
- Felles infopunkt Skjåk må på dagsorden.

5 ANDRE SATSINGSMÅLGANG

Tiltak	Organisering	Oppstart	Ansvar
5.1 "Vern som bygdeutvikling"	Kontinuerleg	2006	Skjåk Almenning/kommune
5.2 Skjåk kommunens næringsfond			Skjåk kommune
5.3 Meir fokus på håndverk i grunnskulen	Kontinuerleg		Barneskule/ungdomsskule
5.4 Opprusting av Rv 15			Stat/kommune
5.5 Energi	Kontinuerleg		Skjåk kommune/private aktørar

- Skjåk-prosjektet.
- Auka inngang på midlar etter sluttføring av Øvre-Otta utbygginga.
- Nedprioritert i skulen på landsbasis. Lokale prioriteringar kan vere mogleg.
- I gong på Dønfoss. Gang-og sykkelveg Bismo-Lom under planlegging.
- Har mykje konsesjonskraft.

4. Næringsmiljø med utviklingsmogleheter h Vurdering

Vurderinga er at det er fleire næringsmiljø med utviklingsmogleheter i Skjåk kommune:

Fleire av dei tradisjonelle industriverksemndene i Skjåk har hatt utfordringar dei siste åra. Dei har likevel planar som gjer at det kan vere potensial for fleire arbeidsplassar – ikkje minst om ein satsar på knoppskyting frå desse verksemndene. Det ligg uforløyste forretningsidear i fleire verksemder, og utfordringa vert å sette dei ut i livet ved hjelp av tilgang på kompetente folk og finansiering. Spesielt må kraftkrevjande industri nemnast. Her bør det ligge mogleheter.

Landbruksnæringa i Skjåk har lange og gode tradisjonar. Det er likevel mykje som tyder på at ein må førebu seg på å tenkje heilt annleis og utradisjonelt når ein skal vidareutvikle landbruket. Nye vekstar og andre produkt kan vere nykkelen til ei spanande framtid for bonden i Skjåk. Ein er og avhengig av å få dei unge med på laget slik at ikkje for mange gardsbruk vert nedlagde.

Reiselivet i Skjåk har ikkje vore gjenstand for nokor, stor eller overordna satsing tidlegare. Om ein satsar på noko slikt, er det mykje å hente med tanke på Skjåk si plassering og rike tilgang på naturopplevelsingar av alle slag.

Handel- og tenesteytande næringar har eit potensial i Skjåk om ein satsar på å skape nye typar næringssverksemnd, til dømes innanfor IT, finans eller andre område der ein kan jobbe via Internett.

Utviklinga av næringsmiljøet i Skjåk er og avhengig av eit meir utstrakt samarbeid mellom bedrifter, mellom bedriftene og kommunen, og mellom bedriftene og dei ulike støtteapparata som allereie finst tilgjengelege utanom kommunen si næringssavdeling og næringssfondet: Nord-Gudbrandsdal Næringsforening, Regionrådet og Nord-Gudbrandsdal Næringshage.

5. Kommunen si rolle som offensiv tilretteleggar a Det kommunale tenestetilbodet overfor innbyggjarane

Skjåk kommune har to barneskular (Marlo og Nordberg) og ein ungdomsskule (Bismo).

Barneskulane har og skulefritidsordning (SFO).

Næraste vidaregåande skule ligg i Lom, men mange ungdommar vel og å ta vidaregåande utdanning på Otta, Vinstra, Lillehammer eller andre plassar.

Kommunen har 3 offentlige barnehagar for barn 0-6 år (Bismo, Holemark, Dønfoss) med til saman 97 plassar. Per i dag får alle som ønskjer det, plass i barnehagen. Det finst også 2 private familiebarnehagar i kommunen med plass til 5 barn kvar.

Skjåk har eit breitt kommunalt tilbod når det gjeld kultur- og fritid, gjennom både kulturskule, bibliotek, og ulike lag og organisasjonar (t.d. innan musikk, idrett, og underhaldning). Kommunen har eiga tilskotsordning for kulturarbeid, og deler ut kulturstipend.

Helsenestene i Skjåk omfattar fysioterapi, helsesyster, lege, psykiatri, pleie og omsorg. Kommunen har to fast tilsette legar og ein turnuskandidat.

Innan helse og omsorg for eldre, har kommunen ein sjukeheim med 43 plassar, og 15 omsorgsbustader.

Kommunen har oppretta Servicetorget som eit tiltak for å gje publikum betre service når dei tek kontakt med kommunen.

Når det gjeld bustader og bustadtomter, så har kommunen tilgjengeleg slike. Det finst også bustader for utleige.

Gjennom bedriftsintervjua er det kome fram at dei fleste er godt nøgde med kommunen sitt tenestetilbod til innbyggjarane. Særlig vert skule- og barnehagertilbodet trekt fram som godt, med høgt nivå og god kvalitet. Det same vert kulturtilbodet. Ei utfordring som blir trekt fram av mange er at tilbodet til ungdom i slutten av tenåra er for därleg. Det same gjeld tilbodet til eldre menneske som er friske og aktive. Ei anna utfordring er at talet på heiltidsjobbar for kvinner skulle vore høgare.

Informantane understrekar at det er viktig at kommunen fokuserer på å behalde det positive nivået på kommunale tenester ein har per i dag også i framtida.

5. Kommunen si rolle som offensiv tilretteleggar

b Det kommunale tenestetilbodet overfor næringslivet (1/2)

Næringsavdelinga i kommunen:

Næringsavdelinga i Skjåk har i hovudsak landbruksfagleg og bedriftsøkonomisk kompetanse. I tillegg brukar dei nettverk utanom eigen organisasjon i sitt arbeid, til dømes Innovasjon Norge og Bygdeutvikling på fylkesnivå, fylkeskommunen, fylkesmannens landbruksavdeling og nært samarbeid med privat rådgjevingsfirma og konsulentar.

Næringsfondet:

Næringsfondet er eit svært viktig verktøy for å legge til rette for vekst og utvikling av næringslivet i Skjåk. Årleg inntekt til fondet kjem frå konsesjonsavgifter i samband med sju ulike vasskraftreguleringar. I tillegg kjem rente av kapitalen som er plassert i bank. Dei siste åra har innkomst til fondet vore ca. 7 millionar kroner per år.

Næringsmessig infrastruktur:

Ledig næringsareal:

- Bismo: 32 daa ledig, kommunen disponerer 26 av desse
- Aurmo: 28 daa ledig

Ledige næringsbygg:

- I Bismo ca. 1700 m² på Skjåkmøbler (for augneblinken disponert av Nordest)
- Skjåk Energi har ledig 150 m²
- I gamle Ofossen samvirkelagsbygg er det truleg ledig areal

Breiband er godt bygd ut i kommunen.

Når det gjeld samferdsle er det buss som er hovedtilbodet til befolkninga utanom privatbil. Det går nokre få bussruter i kommunen, og til og frå nærliggande kommunar, ofte i samband med skoleruter. I tillegg går nokre ekspressbussruter gjennom kommunen, til dømes Nordfjordekspressen til Oslo, og ekspressen mellom Bergen og Trondheim.

Kommunen har ikkje jernbane eller flyplass.

5. Kommunen si rolle som offensiv tilretteleggar

b Det kommunale tenestetilbodet overfor næringslivet (2/2)

Gjennom intervjua har det kome fram at dei fleste generelt sett er godt nøgde med kommunen sine tenester overfor næringslivet.

Særleg får næringskontoret mykje positive tilbakemeldingar om at dei er flinke, det same gjeld teknisk etat.

Når det gjeld næringsavdelinga så får ho stort sett mange positive tilbakemeldingar i forhold til at dei tilsette der er positive, imøtekommande og velvillige. Samstundes får ho kritikk for å vere for passiv – mange føler at ho berre er eit mottaksapparat og ikkje eit proaktivt organ for å fremje næringslivet i kommunen. Næringsavdelinga kunne såleis vore meir aktivt ute hos (fleire av) bedriftene i kommunen.

Vidare er det mange som ynskjer seg eit betre tilbod til etablerarar og gründerar. Behovet for opplæring og rådgjeving er stort, og tilbakemeldinga er at kompetansen i næringsavdelinga i dag kan vere for mykje fokusert mot landbruk, slik at andre næringar ikkje får same kompetente hjelp som dei kunne trenge.

Når det gjeld næringsfondet så er det kome fleire tilbakemeldingar i intervjua om at kriteria for å få tildelt midlar er for snevre. Sjølv om kriteria vart reviderte i 2008 kan det vere at dette ikkje er godt nok kommunisert ut til næringslivet, slik at det rår ei oppfatning om kriteria som ikkje stemmer.

Vidare er det ei hovudtilbakemelding at ein saknar profesjonelle møteplassar for næringslivet.

I rapporten *Bulyst, kjønn og entreprenørskap* blir det understreka at i høve til kommunen si rolle i næringsutvikling, og spesielt i samband med å hjelpe kvinnelege entreprenørar, så må samspelet mellom kommune, næringsliv, bankar og lokale rådgjevarar klargjerast betre. Rapporten seier og at kommunen må utnytte moglegheiter til å støtte mindre satsingar (som kvinner ofte har lyst til å satse på), særleg innanfor område som ikkje kan få støtte frå Innovasjon Norge grunna deira tildelingsreglar.

5. Kommunen si rolle som offensiv tilretteleggar c NæringsNM og Attraktivitetsbarometeret (1/2)

Telemarksforsking har utarbeida NæringsNM for NHO seks gonger, og publisert Attraktivitetsbarometeret tre gonger. I 2009 vart dei to rapportane samla.


Attraktivitetsbarometeret viser kva for regionar og kommunar som har høgast **attraktivitet som bustad**, medan NæringsNM måler og samanliknar næringsutviklinga i regionar og kommunar. Desse to parametra blir rekna som dei to viktigaste drivkraftene for regional utvikling.

NæringsNM er samansett av fire mål (lönsemd, vekst, nyetableringar og storleiken på næringslivet), som igjen er basert på til saman ti indikatorar.

Attraktivitetsbarometeret tek utgangspunkt i netto innanlands flytting, og ikkje befolkningsutvikling. Føremålet med barometeret er å måle nettoflytting til kommunar og regionar som ikke skuldast vekst i talet på arbeidsplassar.

Resultata frå rapporten kan studerast interaktivt på <http://naringsnm.nho.no>

I NæringsNM og Attraktivitetsbarometeret er Skjåk kommune ein del av region Nord-Gudbrandsdal, saman med Sel, Lesja, Dovre, Vågå og Lom kommunar. Samla sett kjem regionen på ein 65. plass blant 83 regionar.



5. Kommunen si rolle som offensiv tilretteleggar c NæringsNM og Attraktivitetsbarometeret (2/2)

Skjåk kommune i NæringsNM

Nord-Gudbrandsdalregionen kom på 81. plass blandt 83 regionar. På målet næringskonsentrasjon kom regionen på ein 31. plass, medan målet for lønsemd gjev ein siste (82.) plass blandt regionar.

Som einskild kommune kom Skjåk klart best ut av kommunane i regionen, med ein 166. plass. Dei andre ligg på plassar mellom 212 og 374 (430 kommunar med).


Skjåk kommune på Attraktivitetsbarometeret

Nord-Gudbrandsdalregionen kjem på ein 30. plass på Attraktivitetsbarometeret. På kommunelista kjem Skjåk på ein 187. plass, slått av Lom på ein 82. plass. Dei andre kommunane i regionen ligg på plassar mellom 192 og 325.

Skjåk kommune samla sett

Nord-Gudbrandsdalregionen kom på 65. plass blandt 83 regionar når ein ser NæringsNM og Attraktivitetsbarometeret under eitt.

Skjåk kommune kom på 199. plass blandt 430 kommunar, og vart berre slått av Lom kommune på 187. plass når ein ser på kommunane i regionen.



5. Kommunen si rolle som offensiv tilretteleggar d Ungdommen i Skjåk

I samband med dette prosjektet vart det gjennomført ei spørjeundersøking blant ungdom i Skjåk (ungdomsskulen og elevar på vidaregåande skular i regionen). Det kom inn 59 svar frå ungdomsskuleelevar i 8. og 9. klasse (58% jenter, 42% gutter), og 19 svar frå elevar i vidaregåande skule (76% jenter, 24% gutter).

Undersøkinga er ikkje meint å skulle vere vitskapleg, men eit bidrag til å sjå nokre tendensar i kva ungdommen meiner om det å bu, leve og arbeide i Skjåk og kva dei meiner må til for at dei skal busette seg her når dei er vaksne og skal ut i arbeid.

Det ungdommen trekkjer fram som positivt med å bu i Skjåk er natur og friluftsliv, kulturskulen, idrettsanlegget og eit godt og rusfritt miljø. Samstundes kjem det fram at ein del tykkjer miljøet er for lite og gjennomskinleg. Dei er heller ikkje nøgde med at det ikkje finst ein ungdomsklubb eller annan felles møteplass.

Ungdommen ønskjer seg breiare fritidstilbod; aktivitetar utanom kultur og idrett, ein ungdomsklubb, ein kafé med passande opningstider, fleire sommarjobbar og betre kollektivtransport.

Det som er spanande, er at veldig mange av respondentane seier at dei tykkjer Skjåk er ein god plass å bu, og at dei kan tenkje seg å flytte tilbake til Skjåk etter avslutta høgare utdanning.

63% av ungdomsskulerespondentane og 89% av vgs-respondentane er heilt eller noko samde i at Skjåk er ein god plass å bu. Samstundes seier 58% av vgs-respondentane at dei kan tenkje seg å flytte attende etter avslutta høgare utdanning, medan 37% seier kanskje. Same talet for ungdomsskulerespondentane er 29% og 46%.

Tek ein tak i ungdommen og følgjer dei opp etter at dei har flytta ut for å ta utdanning, kan sjansen vere større for å få dei tilbake att.

5. Kommunen si rolle som offensiv tilretteleggar e Vurdering

Skjåk kommune har eit godt basistilbod til innbyggjarane sine. Kommunen har vidare eit godt innarbeidd næringsapparat gjennom kommunen si næringsavdeling og næringsfondet.

Når ein samanliknar kommunen med andre kommunar i regionen er resultatet sterkt med omsyn til næringsutvikling (NæringsNM), men svakare med omsyn til attraktivitet som bustadkommune (Attraktivitetsbarometeret).

Årsakene til at ein kjem svakare ut når det gjeld attraktivitet som bustadkommune, er nok fleire. Eit viktig moment er kommunen si geografiske plassering langt frå vektsentra og større plassar med utvida servicetilbod. Det er også langt å pendle frå kommunen til større byar med eit breiare tilbod av jobbar.

Årsaka til at kommunen kjem betre ut i NæringsNM er også fleire. Nokre viktige moment er nok:

- Talet på sysselsette i kommunen er høgt sett i forhold til folketalet
- Bedriftene i kommunen går godt
- Kommunen har ein sterk industri med mange arbeidsplassar, som eksporterer produkt lang utover kommunegrensa
- Næringslivet i kommunen har til dels eit innovativt tilsnitt

Som vi har vore inne på tidlegare i analysen vil det bli viktig for kommunen å styrke arbeidet med næringsutvikling. Årsaka til dette er at i mange yngre familiar med born bør ein av foreldra ha arbeid i kommunen. Det er difor viktig at det vert sett fokus på å skape arbeidsplassar for yngre vaksne i kommunen.

6. Strategiske val og satsingsområde

a Innleiing

Basert på analysen i denne rapporten vil ein i dette kapittelet gå nærmare inn på målsettinga for det vidare næringsutviklingsarbeidet og kva satsingsområde ein bør ha for å nå målet. Kapitelet vert avslutta med ei oppsummering av korleis utviklingsarbeidet eventuelt kan organiserast og kva metodar som kan nyttast for å sikre god styring av utviklingsarbeidet.

Dette kapittelet byggjer også på eksisterande kommuneplan og næringsplan, samt andre relevante dokument.

Erfaringane frå andre omstillingssområde viser at det særleg er viktig å lykkast på to område.

1. Næringslivet og kommunen samarbeider tett i utviklingsarbeidet. I tillegg må ein opprette fora der ein kan informere om pågående prosjekt. Slike fora vil også vere ein viktig arena for å skape optimisme og motivere for innsats i utviklingsarbeidet.

2. **Det er viktig å arbeide målretta** med dei satsingsområda og dei prosjekta som ein vurderer til å ha størst potensiale. Dette gjer at ein må prioritere strengt. For å lykkast med dette er det viktig å:
 - Vere pro-aktiv: Oppsøke dei ein har tru på kan få til noko, i staden for å vente på at næringslivet og andre skal søkje om støtte til gode prosjekt.
 - Bruke prosjektstyringsmetodikken PLP: Gjennomføre fleire forstudium/forprosjekt der ein vurderer ulike mogleheter. Basert på moglehetsvurderingane går ein vidare med dei beste prosjekta som ein trur skaper resultat.
 - Sats på kompetanse: Berre gjennom å bygge opp kompetanse i det lokale næringslivet vil effekten av utviklingsarbeidet kunne bli varig.

6. Strategiske val og satsingsområde b Visjon, mål og strategiar i gjeldande planar (1/2)

Kommuneplan

Visjon

Kommunen sin visjon er:
"Skjåk – ei god bygd å bu i".

Hovudmåla for kommunen er:

- 1) å legge til rette for berekraftig utvikling og ressursforvaltning,
- 2) å sikre god velferd og sosial rettferd for alle innbyggjarane, og
- 3) å styrke breidda og den langsiktige lønsemada til næringslivet i kommunen.

Strategisk næringsplan

Mål:

- Gjennom plan- og tiltaksarbeid skal Skjåk kommune leggje til rette for å styrke breidda og den langsiktige lønsemada til næringslivet i kommunen.
- Landbruk, industri og reiseliv skal vere prioriterte satsingsområde i det kommunale tiltaksarbeidet.

Strategiar (utdrag)

- Til kvar tid ha oppdatert næringsplan
- Breibandsatsing (bustad- og hytteområde)
- Betre samferdselsårane aust- og vestover
- Oppretthalde og vidareutvikle Studiesenteret i Bismo
- Støtte opp om Skjåk Bedriftsforum
- Vidareutvikle næringspolitisk samarbeid med nabokommunar (aust/vest)
- Støtte utvikling av lokale mattradisjonar
- Utvikle beitebruk i husdyrhald
- Undersøkje moglegheiter for samkjøring av kompetansemiljø innan jordbruksproduksjon
- Opne for nytenking innan reiselivet
- Utnytte moglegheitene "Nasjonalparkriket" gjev
- Støtte næringsutvikling innan landbruk retta mot reiseliv

6. Strategiske val og satsingsområde

b Visjon, mål og strategiar i gjeldande planar (2/2)

Vurdering

I arbeidet med denne strategiske utviklingsanalysen har det ikkje kome fram noko som tilseier at kommunen sin eksisterande visjon, mål og strategiar ikkje i hovudsak kan vidareførast.

Basert på analysen og erfaringar frå andre omstillingssområde vil ein likevel tilrå nokre endringar. Hovudårsaka til at ein foreslår nokre justeringar er at det er behov for å konsentrere ressursinnsatsen om det som i dag er kommunen sine hovudutfordringar.

Hovudutfordringa til kommunen er:

- Arbeide med ei overordna og koordinert omdømmebygging og profilering av kommunen.
- Styrke næringslivet i kommunen og skape framtidige arbeidsplassar som lokkar unge vaksne til bygda.
- Omstilling og nytenking i landbruket
- Utnytte fordelar knytt til reiselivsnæring

Mesteparten av næringsutviklingsarbeidet bør fokusere på desse hovudutfordringane., jf presentasjonen på neste side.


6. Strategiske val og satsingsområde

c Visjon, mål og strategiar (1/2)

Til høgre er ei oversikt som viser visjon / slagord, hovudfokusområde i kommuneplanen, og delmål. Dei konkrete delmåla innanfor kvart fokusområde blir presentert på neste side.

Vidare ser ein at utviklingsarbeidet delast inn i fire prosjekt, eller arenaer for gjennomføring, som kvar har ei rekke strategiar knytt til seg.

Fargekodane i oversikta viser korleis dei ulike strategiane rettar seg mot eitt eller fleire av dei fire fokusområda i kommuneplanen. Strategiane er plasserte under den prosjektgruppa som skal ha ansvaret for gjennomføring av tiltak knytt til kvar aktuelle strategi.



6. Strategiske val og satsingsområde c Visjon, mål og strategiar (1/2)

Nedanfor er ein oversikt som viser nokre konkrete delmål for kvart av dei fire fokusområda i kommuneplanen. Fleire utkast til delmål er utarbeida, men dette området er noko som ein skal arbeide vidare med i neste fase av prosjektet.

VISJON	Skjåk skal vere ein open og framtidsretta kommune med eigenart, kraft og rein natur for menneske som ynskjer høg livskvalitet og eit nyskapande næringsliv.				
Slagord	Skjåk 79 - ei rein oppleveling!				
Fokusområder i kommuneplanen	Vern & Bruk	Befolking & Bulyst	Folkehelse & Forebygging	Kommunikasjon & Samferdsel	
Delmål	2015: 30 årsverk direkt knytt til vern & bruk 2020: 50 årsverk direkt knytt til vern & bruk	2015: 2 400 innbyggjarar 2020: 2 690 innbyggjarar	2015: Sykkelveg frå Geirangerkrysset til Dønfoss 2020: Gang- og sykkelveg langs rv 15 Dønfoss - Lom grense	2015: Fibernet skal vere utbygd heile vegen frå Grotli til grensa mot Lom. 2015: Ha på plass infrastruktur som tar høgde for auka trafikk frå Kvivsvegen 2020: Navnet "Strynefjellet" er endra	
	2015: 800 hytter 2020: 1 000 hytter	2015: 75 nye årsverk totalt 2020: 150 nye årsverk totalt; 50 av dei i tenesteytande næringar og 30 av dei i eit innovativt landbruk	2015: 50% av befolkninga skal "røre på seg" mer enn 20min minst 3 ganger per uke 2020: 80% av befolkninga skal "røre på seg" mer enn 20min minst 3 ganger per uke		


6. Strategiske val og satsingsområde c Organisering, verktøy og metodar (1/2)

Organisering

- Erfaringar frå ulike prosjekt for næringslivsutvikling viser at ei klar ansvars- og rolledeeling er avgjerande for at ein skal lykkast i arbeidet. Som vi var inne på i innleiinga til dette kapittelet er dette viktig for å få eit godt samarbeid mellom kommunen, næringslivet og andre relevante aktørar.
- Sjølve føremålet med utviklingsarbeidet er at ein kommune basert på ein definert situasjon, vert gjeve ein tidsavgrensa periode til å gjennomføre tiltak for å utvikle nye lønsame arbeidsplassar.
- Skjåk kommune er ansvarleg for utviklingsarbeidet i kommunen og er såleis eigar av denne strategiske utviklingsanalysen.

Framdrift

- Den strategiske utviklingsanalysen er godkjend av styringsgruppa og vegen framover mot å setje i gong arbeidet mot måla og visjonen ser tentativt ut som nedanfor:



6. Strategiske val og satsingsområde c Organisering, verktøy og metodar (2/2)

Verktøy og metodar

Utviklingsarbeidet vert organisert gjennom prosjektarbeid, og det er avgjerande for å lukkast at ein har god styring og kontroll med arbeidet. For å sikre ei god prosjektorganisering og styring bør ein bruke Innovasjon Norge sitt prosjektstyringsverktøy PLP. Verktøyet skal brukast både i det samla arbeidet, og i samband med gjennomføring av alle delprosjekt.

PLP metodikken er ein gjennomprøvd metode for prosjektarbeid og har vist seg nyttig og effektiv i samband med gjennomføringa av ulike tilsvarande prosjekt i andre kommunar. PLP klargjer og synliggjer mål, ansvar, roller, mynde og framdrift på ein god måte. Dette saman med å fokusere på kritiske suksessfaktorar, aukar sjansane til å nå måla for utviklingsarbeidet.

Klare målbare målsettingar:

Målsettingane for utviklingsarbeidet (jf 6.c) er konkrete og målbare. Det vil vere viktig at ein i prosjektperioden følgjer opp om ein er på målsett kurs. Det bør innarbeidast rutinar for faste rapporteringar i høve til gjennomførte tiltak og tilhøyrande mål.